

58 premierte i skikarusellen

19.11.2008



Desse uskedelingane var til stades og vart premierte då punktum vart sett for årets karusellrenn. Frå venstre står Johannes Haugland, Cathrine Haugland, Martin Yri Røssland, Ingebjørg Haugland, Pål Haugland, Kari Bråtun, Kurt Haugland, Kathrine Yri Røssland, Ole Vidar Monsen, Solveig Haugland og Bjarne Lilleaas. (Foto: Ola Matti Mathisen)

58 var med i minst tre av dei fem renna i skikarusellen siste sesong og vart dermed premierte. Punktum for sesongen vart sett ved inngangen til ein ny i AFA onsdag kveld.



Pål Haugland (til høgre) og Kurt Haugland stod for premieutdelinga. Her er det jentene i 12-årsklassa som får premiar. Uskedelingane Katrine Yri Røssland og Kari Bråtun er blant dei. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Ein må vera svært fornøgd med oppslutnaden, sa superveteran Pål Haugland til uskedalen.no. Han leia premieutdelinga og sjøl var ein av dei premierte. Premiane var bestikk, delvis sponsa av sparebanken. Karusellen som omfattar dei fem skilaga i kommunen (Uskedalen, Rosendal, Ternen, Omvikdalen og Matre) har til no hatt ei levetid på rundt 30 år og er like livskraftig sjølv om det ikkje er så vinterleg som før. I glansåra, som var mykje meir snørike enn no, kunne det vera opptil 200 deltakarar, fortel Pål.

2009-sesongen startar 18. januar med Matre som arrangør og rennet er klassisk. 1. februar arrangerer Rosendal renn i fristil, medan Uskedalen følgjer opp med fri 11. februar. 22. februar kjem turen til Omvikdalen som arrangerer klassisk renn og som også er Kvinnheradmeisterskap. 8. mars er Ternen arrangør og stafetten som også er Kvinnheradmeisterskap går i Rosendal-regi 15. mars. Det blir også eit sprintrenn denne sesongen, arrangert av Uskedalen ein onsdag.

14 uskedelingar fekk premie etter karusellrenna i 2008-sesongen og her er dei (plassering og poengsum i parentes):

Jenter 10 år: Solveig Haugland (2-51) og Maren Bjørnebøle (4-35)
 Gutar 10 år: Johannes Haugland (2-65) og Martin Yri Røssland (5-31)
 Jenter 12 år: Kari Bråtun (1-75) og Kathrine Yri Røssland (3-50)
 Jenter 13 år: Ingebjørg Haugland (2-50)
 Menn 20-35 år: Ole Vidar Monsen (1-75)
 Kvinner 30-35 år: Cathrine Haugland (1-75)
 Menn 36-40 år: Stig Berge Soldal (2-65)
 Menn 51-55 år: Kurt Haugland (4-50)
 Menn 56-60 år: Tormod Myklebust (1-75) og Bjarne Lilleaas (2-70)
 Menn 61-65 år: Pål Haugland (1-75)

Av Ola Matti Mathisen